



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND
E-mail: ol485@kyrkja.no
Telefon: 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
osl/03/24

Dato:
14. mars 2024

Innkalling til møte i Fellesrådet

Stad: Norheimsund kyrkje
Tid: Onsdag 20. mars kl 17.00

Sakliste: 09/24 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
10/24 Meldingar
11/24 Årsmelding for fellesrådet 2023
12/24 Rekneskap for fellesrådet 2023
13/24 Ola Jaastad-legat, ny organisering
14/24 Endring kyrkjegardsvedtekter
15/24 Rekneskap kyrkjeblad

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL M Ø T T !

For Fellesrådet:

Margun Mikkelsen Tordal, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

09/24 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 10. januar vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

10/24 Meldingar

- Kyrkjetak-vøle i Strandebarm: Her er prosessen i god gjenge. Prosjekterande firma H2Hardanger – som vann anbodsrunderen for dette - er i rute, og har etablert kontakt med både bispedøme og riksantikvar. Det er framleis god von om å leggja ut dette oppdraget på anbod i løpet av våren, med tanke på gjennomføring hausten 2024. Det har vore møte med riksantikvaren, og det er også planlagt synfaring med riksantikvar og biskopen sin representant i nær framtid.
- Minnelundar: også her går det på fram. Nytt og revidert framlegg for Norheimsund minnelund vert lagt fram for fellesrådet i dag, men det byggjer på same leisten og plasseringa, dog med noko anna val av materiale. Øystese er i ferd med å ferdigstilla forprosjekt, her kan utlysing av anbod skje no i vår.
- Kjøp av ny plenetraktor: etter ein del vurdering att og fram, har kyrkjevevjen no godkjent leasing av ny Husqvarna klippar frå Gules mek i Øystese. Den store fordelten lyser imot oss: her slepp me belasta vår sårbare likviditet med store eingongsutgifter, og kan fordela kostnad over tid. Me knyter oss også opp til lokal leverandør med vedlikehald og service, noko som er i tråd med kyrkjevevje si tenkjing omkring lokal forankring for kyrkja vår.
- Kyrkjevevjen har bede Tor Tveitane vurderer kva som er beste måten å løysa projector-problematikk i Norheimsund kyrkje på. Her stiller Vikøy sokneråd opp og er med på delfinansiering av dette innkjøpet – som har vore lenge sakna.
- Jordfeil på flaumljosanlegget i Øystese har ført til at me har stengt det ned. Feilen førte til mykje ulemper for busetnad og verksemder rundt kyrkja. Sidan stenging av flaumljos er ein del av dei tiltak me vurderer som straumsparing, let me ljuset vera av ei tid, sparer straum og elektriskar-kostnad, - og haustar erfaring av korleis dette vert motteke i bygda.
- Strandebarm sokneråd har motteke ei uventa/venta gåve. Oma indremisjon, som i mange år har eigd ei tomt like ved Fjellstrand AS, har no selt tomta til Fjellstrand AS, - og har gjeve salssummen, kr 75 000, til soknerådet. Summen er øyremerkte kyrkjelydshuset, noko som har vore intensjonen heile tida. Fellesrådet takkar på det hjartelegaste!
- Meir kyrkjelydshus: Strandebarm kyrkjelydshus har hatt plunder med eit golv som har byrja å flassa så syrgjeleg. Bygget er berre 10 år, og det har vore kontakt både mot leverandør og golvleggjar. I skrivande stund ser det ut til å løysa seg utan dei store kostnader: golvleggjar Bjarne Fonneland vil slipa golvbelegget, og leggja på nytt lag med voks. Me kryssar fingrar for at dette kan vera løysinga.
- Stillinga som kyrkjevevje i Kvam har vore utlyst i ymse kanalar og plattformar, analogt så vel som digitalt. Søknadsfristen er no ute, og søkjarlista er rimeleg kort. Det melde seg ein søkjar, konstituert kyrkjevevje Olav Skeie Lid. Vidare prosess vert opp til innstillingsutvalet, og i neste omgang Kvam kyrkjelege fellesråd.

Sak 11/24 Årsmelding Kvam kyrkjelege fellesråd 2023

Å r s m e l d i n g 2023

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2023.

Kvam kyrkjelege fellesråd er eit samlande organ for alle sokna i Kvam. Fellesrådet er gjennom kyrkjelova gjeven arbeidsgjevarfunksjon for alle kyrkjelege tilsette, bortsett frå prestane. Fellesrådet sin funksjon er også å syta for drift og vedlikehald av alle kyrkjene i Kvam, samt leggja til rette for gode kyrkjelege tenester for alle. Kyrkjeleg fellesråd er også offentleg gravferdsforvaltning for alle innbyggjarar i heradet, uansett trussamfunn og livssyn.

Det er Kvam herad som gjennom kyrkjelova er pålagd å syta for at fellesrådet får dei økonomiske rammer dei treng til naudsynt drift for å løysa desse oppgåvene.

Fellesrådet har i 2023 hatt fylgjande medlemmer:

1. Ingvill Sørheim, Vikøy
2. Astrid Helleve Fylkesnes, Vikøy
3. Oddvar Ulltang, Øystese
4. Astrid Lunestad, Øystese
5. Olav Per Tombre, Strandebarm, nestleiar
6. Kåre Milje, Strandebarm
7. Knut Hovland, Ålvik
8. Lisbeth Henriksen, Ålvik, leiar
9. Vetle Karlsen Eide, Vikøy/Strandebarm (geistleg repr.)
(frå 1.12.2022 gjekk prost Arild Hellesøy inn for sokneprest Vetle Karlsen Eide)
10. Gunnar Kvandal, FrP (heradet sin repr.)

Personlege vararepresentantar:

1. Eimund Solsvik, Vikøy
2. Trude Vestbø, Vikøy
3. Kjell Dysvik, Øystese
4. Ruben Øystese, Øystese
5. Anne Marie Bogetveit Berge, Strandebarm
6. Torunn Baldersheim, Strandebarm
7. Ragnhild Nordheim, Ålvik
8. Gunn Marie Ålvik, Ålvik
9. Lars Arne Vik Øystese/Ålvik (geistleg repr) (Roar Strømme frå 1.9 2022)
10. ???

Etter soknerådsvalet og val på nye medlemmer i fellesrådet seinhaustes 2023, ser rådet slik ut:

1. Margun Mikkelsen Tordal, Strandebarm
2. Tor Håkon Berge, Strandebarm
3. Astrid Helleve Fylkesnes, Vikør
4. Magne von Krogh Kolstad, Vikøy

5. Kjell Dysvik, Øystese
6. Astrid Lunestad, Øystese
7. Ida Lindøe, Ålvik
8. Lisbeth Henriksen, Ålvik
9. Arne Opsahl-Engen, kommunal representant
10. Vetle Karlsen Eide, geistleg representant

Personlege vararepresentantar:

1. Jorunn Brurok Lillefosse, Strandebarm
2. Renate Bakkely Nernes, Strandebarm
3. Erling Lyngset, Vikøy
4. Tove Fjell, Vikøy
5. Ruben Øystese, Øystese
6. Kjell Arne Gjøn, Øystese
7. Åshild Egdetveit, Ålvik
8. Gudveig Aga Augestad, Ålvik
9. Prost Arild Hellesøy, geistleg representant
10. Gunnar Kvandal, kommunal representant

Kvam kyrkjelege fellesråd hadde i 2023 6 stk møte i samsvar med vedteken møteplan, og gjorde vedtak i 45 bokførte saker.

Kyrkjelege stillingar:

Nye arbeidstakarar dette året:

- Solfrid Lindøy, inne i vikariat som trusopplærer i tidsrommet 1.aug 2024 - 31.juli 2024.
- Gyda Rosseland, ny klokkar i Ålvik frå 1. aug 2023

Permisjonar:

- Kyrkjetenar Monica Skogvoll hadde ulønna permisjon i tidsrommet 1. okt til 31. des.

Medarbeidarar som har slutta i 2023:

- Kyrkjeverje Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland sa opp si stilling 1. sept 2023.
- Kyrkjegardsarbeidar Arne Sandal slutta 1. mai 2023.
- Kyrkjetenar Sylvi Elvatun sa opp si stilling 31. des 2023

Ved utgangen av året hadde fellesrådet såleis 15 personar tilsett, med tilsaman 10,5 årsverk. Desse fordeler seg slik:

Olav Skeie Lid, konst. kyrkjeverje/dagleg leiar 100 %
Mampion Andriamandimby, kateket 100 %
Sevinj Asgarova, organist 100 %
Bjørn Kåre Thorvaldsen, kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar 100%
Heine Ugletveit, kyrkjegardsarbeidar 100 %

Franckie Andrianaivo, kyrkjetenar 100%
Ulf Krupka, organist 80 %
Inger Karin Tordal, sakshandsamar 70 %
Solveig Lønning Sangolt, kyrkjelydspedagog 60% (i permisjon)
Solfrid Lindøy, kyrkjelydspedagog, 30%
Monica S. Skogvoll, kyrkjetenar 40 %
Eirin Beate Åserud-Løvlid, kyrkjemusikar 33%
Bryna Opdal, kyrkjelydspedagog 40 %
Sylvi Elvatun, kyrkjetenar 30 %
Gyda Rosseland, klokkar Ålvik 7 %
Siv Ljones, reinhaldar Strandebarm 3 %

I tillegg har Eivind Daniel Brakvatne Røed vore tilsett som konfirmantlærer i 30% stilling fram til sommaren, og i 50 % stilling resten av året, Her har det vore eit spleiselag med bispedømet. Dette er eit prosjekt som me søker å halda fram med.

I Øystese, Strandebarm og Vikøy sokn er det etablert klokkarteam, for å løysa desse lovpålagde stillingane. Lønsutgiftene har gått som tilskot til sokneråda i dei tre bygdene.

Når det er trong for ekstra mannskap til graving i travle tider, leiger me inn gravehjelp frå Harald Kjosås. Han har etter kvart stor kompetanse på dette, og er ei viktig brikke i det daglege puslespelet. Det er også vanskeleg å unngå å nemna Arvid Strømme sin innsats når status skal gjerast opp for 2022. Han er ofte nytta som vikar for kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar.

«Kyrkjeblad for Kvam» hadde sokneprest Lars Arne Vik som redaktør fram til han drog. Han var frikjøpt av fellesrådet til denne oppgåva. Denne ordninga er no opphøyr, og konstituert kyrkjevevje har i dag stillinga som redaktør for kyrkjebladet innbakt i si stilling.

Trusopplærings-arbeidet vårt fekk eit solid løft dette året. Det var rom for både å auka stillingar, og tilsetja nye vikarar, i blind tillit til at dette i neste omgang fører til kompensasjon for desse utgiftene gjennom auka tilskot frå bispedømekontoret. Bryna Opdal og Solfrid Lindøy har såleis vore gull verd i dette løftet. Det er også nødvendig å nemna Eivind Daniel Brakvatne Røed. Hans bidrag i konfirmantarbeidet kan knapt overvurderast.

Fellesrådet vil takka tilsette og frivillige medarbeidarar for den tenesta kvar av dei gjer.

Vi vil også bera fram ei takk til dei som har slutta siste året for den tenesta dei har utført.

Likeins vil vi ynskje dei nye medarbeidarane velkomne til samarbeid og spennande utfordringar i teneste for kyrkjelydane i Kvam.

Budsjettmidlar/Rekneskap:

Endeleg budsjett for 2023 var på kr 11 583 107, - der Kvam herad med sine 6 .113.107,- er største bidragsytaren. Rekneskapa for 2023 viser **eit positivt driftsresultat på kr 855 140,-** Men her er det viktig å hugsa på at dette skuldast eit ekstra tilskot frå kommunen på kr 1.945.000,- som eigentleg er ei dekking av underskotet frå 2022. Utan dette tilskotet ville også 2023 gå med eit betydeleg underskot på 1.089.860,-

Det driftsmessige meirforbruket skuldast fleire ting: det torer vera velkjent at straumprisane har skote i veret til høgder ingen av oss såg for seg for relativt kort tid sidan. Straumutgiftene i 2023 var på kr 791 000,- eks mva. Dette har slått brutalt ut for våre kyrkjebygg, som er store og tunge å varma opp. Noko vedlikehaldsvarme lyt me ha heile året pga vatn, orgel og kyrkjekunst – me kan rett og slett ikkje senka kviletemperaturen ned under 10 grader.

Pensjonforpliktingane våre til KLP vart også monaleg høgare enn budsjettert. Desse er vanskeleg å berekna, eit ustyrlig internasjonal rentemarknad, krig i Europa – det er mange ting som slår inn her, også for eit lite landsens kyrkjeleg fellesråd. I 2023 betalte me kr 1.443.035,- i pensjonspremie. Det var ein auke på 300% i forhold til 2022!

Men resultatet skuldast også fleire ting: eit etterslep etter året 2022. Dette året gjekk fellesrådet med eit underskot på 1,945 mill. Mykje av dette fekk langtidsverknad også inn i 2023. Berre kostnaden til rekneskapsarbeid i 2023 var på kr 512 000,- eks mva.

Kvam herad stilte opp og dekkja dette underskotet i 2. tertial i 2023. Arbeidet med å kutta kostnadar har vore langt framme på dagsorden i heile 2023, men ein nådde altså ikkje heilt i mål. Det vil vera maktpåliggjande å halda trykket oppe på kostnadskutt også i inneverande år.

Fellesrådet kjenner likevel ikkje til forhold som ikkje går fram av rekneskapsen og balansen med noter.

Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet blant dei tilsette i fellesrådet i dag som godt. Det har vore til dels krevjande utfordringar som er gripe tak i, og som ser ut til å ha funne si løysing.

Tilsette i fellesrådet har ikke vore utsette for ulukker eller skader i samband med utføringa av sitt arbeid.

Likestilling

Fellesrådet hadde ved årets utgang 16 tilsette, 11 kvinner og 5 menn. Arbeidstid og lønn er rettferdig fordelt mellom kjønna. Fellesrådet sin personalpolitikk er kjønnsnøytral på alle område. Fellesrådet består av 10 personar, der 4 er kvinner, 6 er menn.

Ytre miljø

Fellesrådet driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljøet.

Kontroll og etisk standard

Fellesrådet arbeider kontinuerleg med å forbetra rutinar og kontroll for å ivareta den høge etiske standarden som vårt arbeid må ha. Me er betrudde store verdiar, og arbeider innanfor kjenslevare felt i livet. Me må syna oss tilliten verdig kvar einaste dag.

Kyrkjene:

* Utgifter til oppvarming av kyrkjene utgjør ein vesentleg del av driftsutgiftene til fellesrådet. For tida kjøper vi straum frå Kvam kraftverk, og har også ein avtale med dei.

* På oppdrag frå Kvam kyrkjelege fellesråd vart det gjennomført ein undersøking av alle kyrkjetaka på kyrkjene i Kvam hausten 2022. Resultatet av denne undersøkinga viste store vedlikehaldsbehov for alle kyrkjene i åra som kjem. I første omgang er det sett i gang arbeid med å restaurera Strandebarm kyrkje.

* Det er like fullt eit tankekors: kyrkjene våre har ein teknisk verdi på ca 300 mill. Med eit vedlikehaldsbehov på 2,5% av denne summen kvart år, - slik ein tenkjer om alt vedlikehald,- så skulle me brukt kr 7,5 mill på vedlikehald i året. Vårt vedlikehaldsbudsjett er på ca 200 000,- Det seier det meste.

Kyrkjegardane:

* I 2023 har fellesrådet hatt avtale om stell/vedlikehald av 204 private graver. Det praktiske arbeidet har kyrkjetenarane utført ved fire av kyrkjegardane. Resten har vi fått utført etter kontrakt hjå firmaet Kunststell

* Arbeidet med slått på kyrkjegardane i vekstsesongen har fellesrådet sytt for sjølve i 2023, der kyrkjegardsarbeidarane omorganiserte litt og fann rom og tid for dette. Det vart også tilsett ein liten bukett pensjonistar som har bistått våre folk med finpussen. Ei god ordning!

* Det må framleis sikrast nok areal til framtidig utviding av kyrkjegardane i heradet. Men me har no god oversikt over ledige graver, og me ser at det faktisk aukar med ledige graver for kvart år, på alle kyrkjegardar. Dette skuldast at mange slettar gamle graver, og at det oftast er tidlegare brukte graver som vert nytta ved gravferd. Slik sett ser det i skrivande stund ut til at kapasiteten på gravfronten er rikeleg. Me har 2500 ledige graver i Kvam, det statlege kravet er 260. (folketal x 3%)

* Det er også sett i gang arbeid med å prosjektera inn *namna minnelundar* ved kyrkja i Norheimsund og på kyrkjegarden i Øystese. Her er det god von om at prosjektet i Øystese kan sjå dagens ljøs i 2024.

* Det er også utarbeidd ein plan for den samla gravferdsforvaltninga i Kvam herad. Denne vart vedteken av fellesrådet i 2016. Denne belyser både arealtrong, avgifts- og festeproblematikk, nye gravferdsreformer, nye gravminneskikkar, gravferder for andre religionar – og mykje anna.

Planarbeid / Mål:

* Rekneskapstala viser eit positivt driftsresultat, men dette løyner eit stort meirforbruk, ettersom fellesrådet fekk eit stort ekstratilskot frå heradet i fjor. Etter konstituert kyrkjevald sitt syn viser dette at trongen for auka økonomisk kompetanse i fellesrådet, både på administrativt og styrenivå, er heilt naudsynt. Det bør også aktualisera spørsmålet om korvidt dagens organisering av kyrkje-Noreg er berekraftig, der små fellesråd – ofte med berre ein person i administrasjonen - skal bera stort ansvar for svært ulike profesjonar, herunder rekneskap, personal, løn, oppfølging av NAV, vedlikehaldsansvar for store kulturbygg, og drift av gravferdsforvaltninga. Denne bekymringa er også i tråd med Kvam kyrkjelege fellesråd sitt innspel til det landsomfattande arbeidet med heilskepeleg kyrkjeleg organisering.

* Sokneråda sine lovpålagde oppgåver innan kyrkjelydsarbeid, undervisning, og kyrkjemusikk vart likevel gjennomført som planlagt . Me arbeider etter vedteken trusopplæringsplan, og plan for kyrkjemusikk.

* Takka vere frivillig innsats og engasjement i kyrkjelydane har vi fått gjennomført mange og store viktige oppgåver utan at kostnaden vart belasta fellesrådet. Dei friviljuge i kyrkjelydane representerer ein enorm ressurs for fellerrådet. Det er berre å bøya seg audmjukt i støvet.

Norheimsund 10. mars 2024.

For Kyrkjeleg Fellesråd i Kvam:

Margun Mikkelsen Tordal
leiar

Olav Skeie Lid
konstituert kyrkjeverje og sekretær

Sak 12/23 Rekneskap for Kvam kyrkjelege fellesråd 2023

(Rekneskapet kjem fram i eigen tilsendt rapport. I tillegg til hovuddokument «Årsrekneskap» så er det underdokument «Saldobalanse» som gjev best innsyn i den detaljerte rekneskapen. Begge deler vil vera tilgjengeleg i papirform i møtet, saman med sakspapira.)

Framlegg til vedtak:

Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen med noter for 2023, slik den er framlagd, med atterhald om godkjenning hjå revisor. Fellesrådet bed kyrkjeverje søkja Kvam herad om ekstra løyving for 2023, for å dekkja meirforbruket på kr 1.089.860,-

Sak 13/24 Ola Jaastad-legat, frigjeving av midlar

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd avviklar Ola Jaastad sitt legat på kr 153 683,29, og overfører summen til Øystese sokneråd. Fellesrådet bed soknerådet innføra skriftlege rutinar for bruk av denne summen, i tråd med det som var den opphavlege intensjonen.

Ola Jaastad sitt legat har lenge vore lukka og låst. Kven var han? Han var frå Jåstad i Sørfjorden, budde så på Flatabø i Botnen som heimkomen og einsleg norsk-amerikanar i mange år. Sine siste leveår budde han på Øystese aldersheim, og han ville gjerne at hans formue skulle koma dei eldre til gode. Men pengane frå hans uoffisielle legat har stått på ein lukka konto i Dnb i mange tiår, utan at

nokon har greidd å finna ut av kven som har mandat til å nytta desse midlane. Kontoen har rett nok stått i kyrkjekontoret i Kvam sitt namn, og med klare føringar for kva pengane skulle gå til - men utan nokon disposisjonsrett til kontoen. Freistnad på å nøsta opp i floken har vore mange, men det har stranda, gong på gong, i møte med strenge bankreglar. Legatet vart aldri oppretta på skikkeleg vis, og finst ikkje hjå offentlege oversyn over slike.

Men no har det altså endeleg lukkast å få overført desse midlane frå kontoen i DnB, etter ikkje reint lite byråkratisk paragrafrytteri og mekling med DnB. Summen står i dag på fellesrådet sin konto. Det kjennest rett no når midlane er frigjevne, at Øystese sokneråd får hand om dei. Det var heilt klart gjevaren sitt ynskje. Vidare er det ein tydeleg føresetnad at denne summen skal nyttast slik at den kjem gamle og sjuke til del, altså ein klar diakonal profil. Det bør såleis kvila tungt på soknerådet i Øystese å laga gode skriftlege rutinar på bruk av denne summen – dog utan å oppretta eit legat. Legat er overmåte dyrt å drifta, med krav til autorisert rekneskapskontor og revisjon.

Kyrkjeverja har stor tru på at dette vil Øystese sokneråd forvalta på beste vis.

Sak 14/24 Endring av kyrkjegardsvedtekter

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner det framlagde endringsframlegget til vedtekter for kyrkjegardane.

Statsfovaltaren for Telemark og Vestfold er avgjerdsmynde for gravplassvedtekter i Noreg. Dei nye vedtektene for Kvam har vore ute på høyring lokalt, og vart vedtekne i fellesrådsmøte 27. sept 2023. Dei vart vidare oversendt statsforvaltaren for godkjenning – men statsforvaltaren peikar på eit punkt som med fordel kunne vore betre presisert. Punktet gjeld festing/reservering av plass i namna minnelund for ektefelle/partnar/annan person. Dette var litt underkommunisert i våre vedtekter, meinte han. Framlegget som ligg i sakspapira i dag, har teke opp i seg dette, og ordlyden er no i tråd med statsforvaltaren sitt ynskje.

Framlegg til

GRAVPLASSVEDTEKTER, KVAM HERAD, VESTLAND

Vedteke av Kvam kyrkjelege fellesråd 20. mars med heimel i lov av 7. juni 1996 nr 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første avsnitt, § 8 første avsnitt og § 14 første avsnitt og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr 16 (gravplassforskrifta) § 15a fjerde avsnitt.

Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, jamfør lov av 7. juni 1996 nr 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 førte avsnitt.

§ 1 FORVALTNING

Gravplassane i Kvam herad er underlagt Kvam kyrkjelege fellesråd.

§ 2. DEFINISJONAR

Gravplassmynde: Kvam kyrkjeleg fellesråd under utøving av forvaltningsansvaret sitt for gravplassane i Kvam kommune, jf. gravplasslova med forskrifter.

Fri grav: Grav som gravplassmyndet har tildelt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.

Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.

Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale.

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

§ 3. FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE

Besøkjande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9. Gravplassmyndet kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

§ 4. GRAVPLASSTILHØYRSLE

Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på kva som helst av gravplassane i kommunen. Dei har rett til fri grav så langt grava er tilvist.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunens egne innbyggjarar, og har rett til fri grav så langt grava er tilvist.

Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt.

§ 5. FREDINGSTID

Fredingstid for kistegraver er 25 år.

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

Gravplassmyndet kan vedta lengre fredingstid for enkelte graver.

§ 6. FESTE AV GRAV MED MEIR

Når kistegrav skal takast i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassmyndet; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjør då éin gravstad.

Ved bruk av ordinær urnegrav, kan det bli festa ei grav ved sida av.

Ved bruk av urnegrav i namna minnelund kan ein og feste ei grav, men av praktiske årsaker vil ikkje urnene koma ved sida av kvarandre på gravfeltet, men koma saman som namn på felles minneplate eller som to namneplater etter kvarandre.

Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som blir tatt i bruk, er festetida 10 år.

Når festetida/fredingstida er ute, kan grava/gravstaden bli festa for nye 10 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykkje frå gravplassmyndet..

I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan bli gravlagt i festa grav/gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller festaren til bruk av grav, kan gravplassmyndet ta avgjersle om gravlegging.

Festar pliktar å melde adresseendring.

§ 7. GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggande graver og gravutstyr kan mellombels bli flytta. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndet har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting. Så lenge ein ventar på gravminne, sørgjer gravplassmyndet for eit merke med avdøde sitt namn på.

På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast sentralt i bakkant av gravstaden. Gravminne skal stå på ei av gravene ved felles gravstad/ektefellegraver. Midtstilling er ikkje tillete.

§ 8. PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgde eller går utover plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterurner, lykter mv. i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt steinkant som fluktar med terrenget omkring.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale. Planting bak gravminne er ikkje tillete.

§ 9. PLANTEMATERIALE

Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere kompostérbare.

§ 10. STELL AV GRAV

Kvar ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjelege fellestråd, og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ein slik avtale frittek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

§ 11. NAMNA MINNELUND

Namna minnelund består av urnegraver.

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde førast på ei standard namneplate på felles minnesmerke fastsett av gravplassmyndet. Namneplata kan ha namn på to personar.

I namna minnelund kan ein feste ei grav i tillegg (reservering) når ei grav blir nytta, mot at ein betalar ein festeavgift frå det tidspunktet den fyrste grava blir nytta. Ved feste av ei grav i tillegg, vil ikkje nødvendigvis urnegravene komme attmed kvarandre, men attmed kvarandre som namn på den same namneplata.

Pårørande kan velja om dei vil vera med eller ikkje når urna skal setjast ned på den namna minnelunden. Det er høve til å leggja ned ein enkel blom og/eller lys berre den dagen urna vert sett ned. Dette vert fjerna av tilsette på gravplassen dagen etter.

Gravplassmyndet kan gje løyve til at namn på person vert flytta til gravminne på ei eksisterande grav eller eksisterande namneplate i namna minnelund eller urnevegg ein annan stad enn der vedkomande er gravlagt. Namnet må då fjernast frå den opprinnelege plasseringa.

Urnegraver i namna minnelund kan bli festa etter fredingstidas utløp på lik linje med andre urnegraver på gravplassen. Det vil likevel ikkje vere høve til å gravleggje på nytt i urnegrava i festetida. Minneplata vert fjerna når grava ikkje vert festa lenger.

Avgift for bruk av namna minnelund blir betalt frå det tidspunktet grava blir tatt i bruk og skal dekke kostnader ved namneplate og felles tilplanting.

Gravplassmyndet har ansvaret for felles tilplanting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan berre setjast ned avskorne blommar og tennast gravlys i særskilde vasar og lykter sett opp av gravplassmyndet..

§ 12. BÅREROM

Bårerom blir disponert av gravplassmyndigheita, og skal berre nyttast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan etter løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 13. NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassmyndet.. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering, sikring og vedlikehald av gravminne, og tilplanting og stell av graver.

§ 14. ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på sundagar, heilagdaggar eller offentlege høgtidsdaggar. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyra på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

§ 15. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE

Gravplassmyndet kan ved særlege høve og innanfor ramma av gravplasslov og gjeldande forskrifter fråvike vedtektene.

§ 16. Ikraftsetjing og oppheving av eldre vedtekter

Forskrifta tar til å gjelde 30 dagar frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå den same tida blir vedtektene for gravplassane i Kvam herad, Vestland fylke, oppheva.

Sak 15/24 Rekneskap for kyrkjebladet 2023

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjeleg fellesråd tek framlagde rekneskap til vitande.

Kvam kyrkjelege fellesråd er styre for kyrkjebladet, og har kyrkjeverjen som redaktør. Bladet kjem ut 4 gonger året, og har 2 gonger i året ein innbetalingsgiro innlagt i bladet. Bladet er no eit samla organ for alle kyrkjelydane i Kvam. Bladet vert trykt hjå Norheimsund trykkeri.

Rekneskapen for kyrkjebladet skal ikkje vedtakast – det gjer ein når ein godkjenner rekneskapen for fellesrådet, der rekneskap ligg integrert. Det kan likevel vera av interesse å sjå tala for kyrkjebladet for seg. For 2023 ser dei slik ut:

Inntekter:

Gåver	168 279
Lysingar:	40 800

Utgifter:

Trykking og porto	<u>207 208</u>
Overskot 2023	<u>1 871</u>